



Daniel Fredrik Fick
Raknesvegen 794
5281 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3270 - 23/10892

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
12.05.2023

Førebels svar - stadfesting motteken klage på vedtak - Oppføring av tilbygg og påbygg - gbnr 111/75

Tiltak: Oppføring av tilbygg og påbygg
Byggjestad: Gbnr. 11/75

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 09.05.2023.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1, 1.ledd bokstav c.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen skal handsamast i plan- og kommunalteknisk utval. Det er sett opp møte i utvalet 14.06.2023.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av plan- og kommunalteknisk utval i møte. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i plan- og kommunalteknisk utval kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Post
post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt
www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Mottakarar:

Daniel Fredrik Fick
Help Forsikring As

Raknesvegen 794
Postboks 1870 Vika

5281
0124

Valestrandsfossen
OSLO